

Uttale til budsjett 2019.

«Det ser ut til at framlegg om overføring av klassar til Rimbareid skule eller nedlegging av småskulane er ei årviss sak.» slik starta eg budsjettuttalen frå Utdanningsforbundet ifjor. I år må eg bytte ut eit ord i den setninga. Det vert ikkje overføring av klasser ELLER nedlegging. Det vi står ovanfor er både nedlegging og overføring.

Undervisning på fådelte skular som Selevik og Øvrebygda er noko heilt eige. På skular med aldersblanda grupper vert det stilt heilt særeigne krav til læraren si undervisning og val av arbeidsmetodar.

Ei flytting av storskulen ved Selevik og 7. trinn frå Øvrebygda samt nedlegging vil råka svært hardt. På desse skulane er det så få elevar at ein lett vil enda opp med for lite elevgrunnlag. Å undervisa fleire enn to trinn i ein og same klasse samstundes med store grupperingar vil vera nesten umogeleg.

Med fare for å bruke opp tiden på skulebruksplanen som er satt av til høyring på budsjettet vel Utdanningsforbundet å vise til høyringsuttalen på den framlagde skulebruksplanen og gå direkte på framlagt budsjett.

Utdanningsforbundet ser at posisjonen sitt budsjettframlegg truleg har prøvd å ta omsyn til småskulebarna i Selevik i høve reiseveg med å fremme eit forslag om eit oppvekstsenter.

Klubben ved Selevik kjem med denne utalen til det framlegget:

**Klubben ved Selevik skule ser ikkje forslaget om Selevik som eit oppvekstsenter med ein 1-4 skule som eit alternativ.** Det vil verte eit for lite miljø ved skulen både for elevane og dei tilsette, både fagleg og sosialt. Selevik skule vil ikkje verte ein attraktiv arbeidsplass. Ein vil få mindre tid til fagleg samarbeid og pedagogisk utvikling, og verta sett på sidelinja i høve til resten av det pedagogiske personalet i kommunen.

Samlokalisering med barnehagen stiller vi oss kritiske til. Det vil krevje mykje både av dagleg organisering og vesentleg tilrettelegging av både lokala og uteområdet for å ivareta både eit godt skule- og barnehagemiljø.

Utdanningsforbundet i Fitjar seier seg samde med klubben ved Selevik skule. Det er ikkje ofte ein vil sjå at Utdanningsforbundet kjem med ei så klar melding i nedleggingsdebatten av skule som dette.

Derfor nytter Utdanningsforbundet noko av tida på å forklare årsaka til dette.

Oppvekstsenteret vert berre lansert over natta som eit alternativ for Selevik heilt utan at konsekvensane og moglegheitsrommet er etablert. For så å gå til vedtak i same møte som det vart lansert utan nærmere forklaring. Utdanningsforbundet tek av den grunn utgangspunkt i det vi forstår med framlegget, og kommenterer ut i frå det.

1. Vi står ovanfor ein privat barnehage i Selevik som evt skal måtte gå inn i kommunaldrift utan at det er lagt inn midlar for dette oppkjøpet, ei heller kan

kommunen ved å kommunalisera den private barnehagen kunne tilby arbeidsplassar til dei tilsette i den private barnehagen. Dersom Fitjar kommune legg opp til dette budsjettet for 2019 vil kommunen komme inn i ein prosess med nedbemanning og da vil ikkje arbeidstakrar som kjem frå det private kunne innlemmast i kommunalsektor. I så fall vil dei vere dei første som må gå ved nedbemanninga.

2. Ikkje legg kommunen opp pengar i budsjettet til oppkjøp av barnehagen og ikkje kan dei tilby ein varig arbeidsplass for dei tilsette i den private barnehagen.  
Dersom ein likevel ville gå for oppkjøp av den private barnehagen og etablere ein communalbarnehage i oppvekstsenteret vil drifta av denne gå inn og påverke kostnadsbiletet for barnehagane. Kva vil dei totale kostnadane for Fitjar kommune bli?

Kommunen har i dag ein svært kostnadseffektiv communalbarnehage som er berekningsgrunnlag for den private barnehagesektor i Fitjar. Vil Oppvekstsenteret kunne driftas like effektivt?

Dersom ikkje vil kostnadsbilete for barnehagesektor i Fitjar raskt bli betydeleg auka.

3. Når så er sagt er det lite frigitt areal på Selevik skule ved at berre storskulen forsvinn. Barnehagebarn og drift av barnehagen har andre behov enn skuleborn.  
Budsjettframlegget har ikkje lagt inn midlar til å kjøpe opp den private barnehagen og ei heller midlar for å oppgradere/utvide arealet verken ute eller inne på Selevik.

Dette framlegget om oppvekstsenter ber preg av hastverksarbeid. Ikkje er det komme konsekvensutgreiing i høve areal, pedagogisk eller i samfunnsperspektiv.

Utdanningsforbundet ber om at politikarane i Fitjar kommune ikkje hopper på eit framlegg om oppvekstsenter når det ikkje er kvalitetssikra på noko måte.

#### Rimbareid skule

Utdanningsforbundet er uroa over at budsjettframlegget legg opp til ei ny vurdering av utbyggingsbehovet ved Rimbareid skule ved ei evt skulenedlegging. Denne delen av skulebruksplanen er kvalitetssikra med fleire instansar og vurderingar. Det er viktig å ha rom for alle elevane som kjem til skulen. Det er fleire klasserom med dårlig lydisolering og arealet er ikkje gunstig for undervisning i alle klasserom.

#### Budsjettet har fleire forslag som uroar

Når Utdanningsforbundet ser på løysingane som i dei seinare år er vald for å komme i balanse i budsjettet er det ein trend at det berre vert sett på utgiftsida av budsjettet.

Tenesteproduksjonen og tilbodet skal ned.

Så også i år. Tek nokre store trekk frå skulesektor her:

- storskulen på Selevik skule skal flyttast
- nedlegging av Øvrebygda skule
- flytting av 7.trinn frå Øvrebygda
- spesialtimar skal ned
- delingstimar skal vekk
- assistent timar skal kuttast
- reduserte driftsmidlar
- mindre midlar til vikarbruk i skulen
- fjerning av støtte til ikt i skulen( med 30%)

Vi har høyrd om alt før. Alle punkta er kommentert tidlegare i møtepunkt mellom Utdanningsforbundet og politikarane i Fitjar.

Med alle desse punkta for nedskjering vert det også set føresetnad om at sjukefråværet ikkje skal overstige 6%. Ingenting om kva som skal gjerast for å oppnå dette!  
I dag er sjukefråværet på 7,3%.

Likeins er det ei forventning om at den spesialpedagogiske hjelpa skal reduserast frå 9% i dag til 7% neste år. Ingenting om korleis dette er tenkt gjennomført.

I formannskapet vart det uttalt at samstundes med at nedprioriteringa av skulesektor av økonomisk art skal Fitjar skulen bli blant dei beste i landet.

Korleis er det tenkt!

Det er ein ting å sei at Fitjar skal halde seg til lovas krav om tilbod om skuleplassar til alle elevane, det er noko heilt anna å framstille kvaliteten i skulen som heilt uavhengig av det som blir stilt til rådvelde av økonomisk midlane.

Det er ein klar samanheng mellom bruk av midlar og det ein kan forvente ut på den andre sida.

I år etter år har man kuttet i tenesteproduksjonen og utgiftsida i budsjettet for Fitjar.

Kvífor ikkje ta i bruk heile budsjettet?

Kva med å gå inn for å betre faktorar i budsjettet:

1. Gå inn i talmaterialet for faktisk å få innsparing på sjukefråværet. For få år sidan hadde vi sjukefråvær rundt 5%.
2. Gå inn på tiltak som faktisk reduserer behovet for spesialundervisning.
3. Når sant skal seiast har budsjettet nokre mindre justeringar for takstauke for tenesteområda.
4. Elles har sjølv sagt det innlysande moglegheitsrommet for inntekt: eigedomsskatt. 1% vekst vil gje 1,5 million
5. Utdanningsforbundet ser vidare at politikarane i posisjonen ønskjer å legge ca 12 millionar av havbruksfondet på fond.

Det er ei form for investeringar å satse på barn og unge, ei anna å satse på bygg og anlegg.

Så vert det opp til politikarane i Fitjar å prioritera kva som vil gje best avkastning i framtida for Fitjar kommune.

I mange samanhengar peiker ein på høge kostnader til NAV i Fitjar kommune. Korleis vil ein snu trenden i høve NAV. Legge pengar på fond? Kva gjer best økonomi for kommunen på sikt!

Den politikken som vert ført i dag vil gje svar på kva økonomi Fitjar kommune vil ha i framtida.

Kjære politikar, i dag er det valet om å satse på framtida gjennom borna eller å legge pengane i fond det er snakk om.

Lykke til med di prioritering.

Mvh

Katrin I. Ankervold

HT og LLL i Utdanningsforbundet for Fitjar